



Orienteringssak

Arkivsak-dok. 22/15377-45
Saksbehandlar Silje Utne Bjørke

Utval	Møtedato
Fylkesutvalget	03.06.2025

Bykle kommune - Riksantikvaren har reist motsegn til områdereguleringsplan for Hegni

Føljande blir teke til orientering:

Brev frå Riksantikvaren til Bykle kommune datert 25.04.25 leggst fram til orientering.

Riksantikvaren reiser motsegn til områdereguleringsplan for Hegni. Motsegna gjeld konflikt med fleire automatisk freda kulturminne.

Riksantikvaren vurdering:

«Innanfor planområdet er det to kjende jernframstillingsanlegg og 14 kolgroper. Alle kulturminna er knytt til produksjon av jern frå myrmalm i vikingtid og mellomalder, og gir innsikt i tidleg metallurgisk teknologi og samfunnsstruktur.

Riksantikvaren reiser motsegn til områderegulering for Hegni. Reguleringsplanen er i konflikt med fleire automatisk freda kulturminne. Dette gjeld den planlagde klatreparken, som er i konflikt med eit særleg verdifullt jernvinneanlegg, og fleire av stigane som er i konflikt med kolgroper med tilhøyrande sikringssoner».

Fylkesutvalet har tidlegare handsama saken i møte 23.04.25

Fylkesutvalet vedtok ikkje fylkeskommunedirektøren sin innstilling om å reise motsegn til områdereguleringsplanen med følgande forslag til vedtak.

I medhald av underretningsplikta innan kulturmiljøforvaltninga, jf. § 7 i *Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven* oversendte fylkeskommunen saken til Riksantikvaren for vurdering av saken på sjølvstendig grunnlag.

Vedlegg

22_15377-44 Hegni, Bykle kommune - PlanID 202105 - Områderegulering - Motsegn
2837913_1_1